

Idretten kjem tettare på kommunen: Frå tilskodarar til medspelar

Leiar Kenneth Oen trur Øygarden idrettsråd vert teke meir på alvor når dei no inngår samarbeidsavtale med kommunen.

RONG: – For idrettsrådet er det bra at me no får ein samarbeidsavtale, tilsvarende dei som idrettsråda i Fjell og Sund har med sine kommunar. Avtala vil gje rådet større legitimitet, meiner Kenneth Oen.

Idrettsrådet representerer store klubbar som Skjergard IL, Rong IL og Øygarden symjeklubb, samt ytterlegare fem lag innan alt frå sykkel til kampsport. I 2015 vart det sparka nytt liv i idrettsrådet gjennom eit samarbeid mellom Hordaland Idrettskrets, administrasjonen i Øygarden og rådet sjølv.

Meir på alvor

– Med denne avtala formaliserer me samarbeidet på alle nivå. Eg opplever at idretten no vert teke meir på alvor både hjå rådmannen og i den politiske leinga, seier Oen.

Nyleg kom avtala på bordet til utvalet for levekår, der politikarane samrøystes gjekk inn for samarbeidet som kjem til endeleg avgjerd i kommunestyret.

– Kenneth Oen hadde ei god orientering for utvalet om avtala og den positive utviklinga i idrettsrådet. Rådet er i ferd med å verta eit nyttig organ for både idretten og kommunen. Håpet er at endå fleire klubbar sluttar seg til idrettsrådet, seier utvalsleiar Remi Oen (Frp).

Idrettsrådet skal hjelpe kommunen til å ta avgjerdar til beste for all idrett i Øygarden og bidra til at kommunen når måla sine i idrettsdelen av kulturplanen.

Tidlegare inn

– Me ser at det kan vera ein fordel å få idretten tidlegare inn i prosessane. Dei har vore involvert i planane kring ny bane på Toftøy og Hjeltefjorden Arena,



fakta:

Øygarden idrettsråd

- Rådet er organisert i Noregs Idrettsforbund gjennom idrettskrinsen og opererer etter deira lover, samt vedtak gjort på årsmøtet i idrettsrådet.
- I saker som gjeld tildeling av midlar til anlegg, høyringsinnspel på nybygg og liknande, er det Øygarden idrettsråd som skal samordna og representere klubbane inn mot kommunen.

men kunne med fordel vore kopla på tidlegare, meiner Remi Oen.

Idrettsrådsleiar Kenneth Oen har vore i kontakt med idrettsråda i Fjell og Sund for å starta samtalanane om samordning av råda inn mot den nye storkommunen.

– Det er positivt at også me i Øygarden har fått ein avtale med kommunen. Det bør vera eit mål at måten Øygarden driv støtte til idrettsanlegg vert vidareført

i storkommunen. Best mogeleg vilkår for idretten er eit felles mål for råda i heile regionen, seier Kenneth Oen.

Leiar Kenneth Oen i Øygarden idrettsråd trur samarbeidsavtala med kommunen vil bidra til at idretten vert lytta meir til og kjem tidlegare med i politiske prosessar.

Foto: Karstein Sæverås

KARSTEIN SÆVERÅS

karstein@vestnytt.no

90769391

Felles brannvern på plass neste år

RONG: 1. januar 2018 er oppstarts-dato for det nye brannvernet i regionen. Sotra og Øygarden brannvesen IKS er, som forkortinga tilseier, eit interkommunalt selskap, der ressursane frå dagens Sotra Brannvern og Øygarden brannvesen vert slegne saman. Det er oppretta eit styre i det nye selskapet. Styret kom på plass i midten av november med Per Rune Eikeseth (Sund) som leiar og tidlegare øygardenordførar Olav Martin Vik som nestleiar.

– Silvia Haugland (TVØ) er også mellom dei faste medlemmene frå Øygarden. Noko av det som har vore drøfta i representantskapet for brannvesenet, er ei verdifastsetjing av utstyret som Øygarden tek med seg inn

i selskapet, seier noverande ordførar Børge Haugetun (TVØ).

Han sit sjølv som leiar i representantskapet, saman med mellom andre ordførarane Marianne Bjørøy (Ap) i Fjell og Kari-Anne Landro (H) i Sund.

– Ei slik kartlegging av verdiane er kostnadsrekna til 200.000 kroner. Det er brei semje om at det er pengar som kan nyttast betre til andre føremål, med tanke på den samanslåingsprosessen Fjell, Sund og Øygarden er i gang med. Det er lite vits i å rekna på dette når me uansett vert ein samla kommune om få år, seier Børge Haugetun.

KARSTEIN SÆVERÅS

karstein@vestnytt.no

90769391



Øygarden brannvesen er utstyrt med mellom anna ein tankbil som kan samanliknast med brannbilane på flyplassar, med ein stor tank for skum i tillegg til 10.500 liter vatn. Bilen og anna utstyr vert med inn i samanslåinga Sotra og Øygarden brannvesen IKS.

To mistet lappen

SPJELD: To sjåførar måtte ta beina fatt etter en laserkontroll fredag kveld. Rundt klokken 22.00 rigget politiet til en laserkontroll ved Spjeldtunnelen. – Der ble det gjort to førerkortbeslag, opplyser operasjonsleder Hans-Erik Thue ved Vest politidistrikt.

I 60-sonen ble det også skrevet ut to forenklede forelegg. – Høyeste hastighet vi målte, var 83 kilometer i timen, melder Thue.